

Vi ønsker alle ei  
god jul og eit riktig  
godt nytt år!



**NYHEIT!**  
**EKSTRASEKK FOR**  
**RESTAVFALL I JULA**  
**SJEKK OM DET**  
**GJELD DIN SONE**



## Gratis levering av julepapir og juletre i januar!

Levering av juleemballasje og juletre vil vere gratis i januar 2019. Tilbodet gjeld berre for privatkundar som er busette i Fjell og Øygarden kommuner.

### Restavfall

Julegåvepapir, gåveband, stearinlys (kan du gjerne smelte om til nye lys eller bruke restane som opptenning i peis eller vedovn), serviettar, eggkartong, adventsstjerner, telyshaldarar av plast og keramikk, gravlykter.

### Papp/papir/drikkekartong

Julehefter, aviser, drikkekartongar.

### Glas og metall

Sildeglas, ansjosboksar, gløggflasker, boksar, vinflasker, utbrente telys, telyshaldarar (tomme) av metall.

### Plastemballasje

All hushaldningsplast, pepperkakeboksar, mjuke plastposar, bobleplast, mindre mengder isopor.

### Farleg avfall/EE-avfall (lever på gjenbruksstasjon)

Snøsprayboksar, parafinrestar, batteri, juletrelys, elektriske julenissar.

## Julesekken

For at ikkje restavfallsspannet skal fyllast opp av gåvepapir og -band i jula, kan du henta ein eller fleire sekkar hos FjellVAR i Lonavegen 20 eller på rådhuset i Øygarden.

Fyll sekken og set den ut ved første restavfallstømming etter jul, eller lever den gratis på gjenbruksstasjonen.

## Vis fettvett i jula

# Kast ikkje matfeittet i do eller i vasken



Jula er høysesong for feitt i avløpssystemet. Matavfall blir kasta i do eller i vasken. Tette rør må spylast opp, og pumpestasjonar stoppar.

For abonnentane betyr dette høgare avgifter neste år. I verste fall er det dine leidningar som går tette, og du må betale heile utbetringa sjølv.

Matavfall i avløpsnett er også med på å halde liv i rotter. Desse lever av feitt og matrestar som vi kastar i do.

**Frå steikepanna kan ein tørke vekk feittrestar med kjøkkenpapir og kaste dei i matavfallet.**

**Feitt frå juleribba stivnar når det blir avkjølt. Då kan ein ta det ut og kaste det i matavfallet.**

**Feitt som ikkje stivnar, samlar du i tett emballasje og leverer det på gjenbruksstasjonen.**

## FjellVAR blant dei beste i landet

Vi har sidan 2009 jobba svært aktivt med lekkasjesøk. Frå 2009 og fram til i dag er lekkasjen redusert frå ca. 50 % til ca. 6 %. Med dobbelt så mange abonnentar produserer FjellVAR mindre vatn i dag enn vi gjorde i 2009.

# Aktivt lekkasjesøk gjer resultat



Dette kjem abonnentane direkte til gode i form av ein betre buffer med vatn i tørre periodar og lågare gebyr. Mindre utgifter for FjellVAR gir mindre utgifter for abonnentane.

### Ansatte lekkasjesøker

Hovudgrunnen til det gode resultatet er at vi for 10 år sidan investerte i ein heiltidsstilling som lekkasjesøker. Dette har medført betre kontinuerleg overvaking av vassleidningsnettet og til fortløpande utbetring av funne lekkasjar, offentlege som private.

Utan å skryte er vi no blant dei beste i landet på å ha lite lekkasjar på nettet. Frå å vere blant dei dårlegaste, har vi klart å komme oss opp på pallen på under 10 år. Det hadde vi faktisk ikkje tru på i 2009. Det har og vekka oppsikt på landsbasis, fleire kommunar lurar på kva vi har gjort.


### Skal bli endå betre

Men jobben sluttar ikkje her. Vi har framleis litt å hente, særskilt på det private nettet. Abonnentane vil nok i enda større grad framover merke at vi er på i forhold til lekkasjesøk på private leidningar. Vi oppmodar difor alle om å ha fokus og kontroll på eige privat nett. Både leidningstrasear og stoppekrantar er lurt å vete kvar ligg hen. Begynnande redusert trykk kan vere starten på ein lekkasje. Ein må heller ikkje vere redd for å ta kontakt med oss. Vi skal hjelpe så godt vi kan.

Neste prosjekt på lista vår er innlekkasje av overvatn i avløpsnettet vårt. Her er det også mykje pengar å spare. Vi er no i gang med eit større prosjekt i Storhilderan med rehabilitering av gamle avløpsleidningar gjennom hagar og gardstun. Liknande arbeid vil stå for tur frametter.

## Soneinndeling for tømmekealendar

- Sone 1** Trengereid, Kallestad, Dala, Tellnes, Haganes og Fjell gard sør for vegkryss ved kyrkja
- Sone 2** Svingen, Arefjord, Storevarden og Straumsfjellet
- Sone 3** Hjelteryggen
- Sone 4** Knappskog, Fjæreide og Geitanger
- Sone 5** Åttringen, Grunnavaågen og Larslia til og med Foldnesvegen 179
- Sone 6** Åse, Skoge, Møvika, Skålvika sør, til og med Engeshaugen, Lokøyna, Syltøyna og Langøyna sør for krysset
- Sone 7** Bildøybakken, Kolltveit, Morland, Morlandstø, Brurasteinane og Skoralia
- Sone 8** Foldnes, Anglavik og Vågo
- Sone 9** Ulveseth, Nordvika, Neset, Ekren, Kleivane og nordre del av Fjell gard til Blommen
- Sone 10** Brattholmen, Snekkevika, Ebbesvika, Gavlen og Tonafeltet
- Sone 11** Knarrvika, Valen og Bjorøyna
- Sone 12** Spjeld og Ågotnes
- Sone 13** Polleide, Angeltveit, Landro sør for Sanden og Ågotnes Helsehus
- Sone 14** Algrøyna, Langøyna nord for krysset, Øyavegen, Skålvika Nord fra og med Torvmarkvegen, Eide, Kårtveit, Sekkingstad til og med Valderhaug
- Sone 15** Døsjø, Ekrhovda, Lie, Liaskjæret og Bildøyna
- Sone 16** Straume utan Straumsfjellet
- Sone 17** Solsvika, Misje, Landro nord fra og med Sanden og Vindenes
- Sone 18** Turøyna



### Nytt prøveprosjekt!

## Ekstrasekk for restavfall i staden for bosshenting i jula

### Gjeld for alle som bur sone 7, 15 og 18

I denne utgaven av Fjellvarsel finn dykk ein etikett. Denne skal de klistre på ein stor sekk du sjølv har heime. Det er ikkje krav til sekketype, men vi anbefaler transparent sekk. Du kan og nytte blå eller sort sekk. Det viktige er at etiketten med restavfall blir klistra på sekken. Sekken settast ut saman med bosspannet på første ordinære tømning etter jul.

FjellVAR beslutta å prøve ut eit forsøk med restavfallssekk til dei som får sin ordinære tømmedag på en heilagdag i jula. Dette gjer vi for å komme våre renovatørar i møte. Det er krevjande for renovatørane å køyre oppsamling på alle heilagdagsrutar i jula. Etter jul i fjor vart arbeidsdagane for lange, noko som kom i konflikt med arbeidsmiljølovens reglar om arbeidstid og kviletid.

**Du kan hente transparente sekker hos FjellVAR i Lonavegen 20, eller bruke returplastsekken.**



## Opningstider i jule- og nyttårshelga

Gjenbruksstasjonen og kundesenteret er stengt jule- og nyttårsaftan.

### Kundesenteret

Torsdag 27.12. - fredag 28.12.  
08.00 - 15.00

### Gjenbruksstasjonen

Torsdag 27.12. 09.00 - 19.00  
Fredag 28.12. 9.00 - 15.00  
Laurdag 28.12. 10.00 - 15.00

# Hugs...



## Komposter - og lag din egen plantejord!

Husstandar i Fjell og Øygarden har gode føresetnader for å drive heimekompostering. Produser din eigen plantejord ved å kompostere matavfallet. Dette vert god næringsrik jord på tomten. I tillegg vert renovasjonsrekninga redusert. Dei som vil heimekompostere teiknar avtale med FjellVAR. Vi har kompostbingar for sal. Ta kontakt med oss for meir informasjon eller les på [www.fjellvar.as](http://www.fjellvar.as)

## Last ned appen

Vi oppfordrar alle til å laste ned den nye versjonen av FjellVAR-appen i App Store eller Google Play. Vel kommune og få informasjon om renovasjonen og varsel på tømmedag.



## Hyttecontainerane er for hytteeigarar

FjellVAR opplever stadig at frustrerte hytteeigarar tar kontakt fordi fastbuande nyttar hyttecontainerane.

Kapasiteten i hyttecontainerane speillar kapasiteten som trengs i kvart enkelt hytteområde. Hytteeigarane betaler gebyr for sitt tilbod på same måte som alle med eigne spann. Dei skal derfor ikkje oppleve at hyttecontaineren er full fordi fastbuande kaster sitt avfall i desse.

**Ein ekstrasekk til restavfall kan kjøpast hos FjellVAR for kr 40, om husstaden av og til har meir plass enn de får plass til i spannet. Dette gjeld heile året og ikkje berre i jula.**

## Sjekk vêrmeldinga før du sett ut dunken i vinter

Etter ein fantastisk varm sommar og ein fuktig haust, nærmar det seg no vinter. Det kan bli snø og vind, og vi oppmodar alle å sjekke vêrmeldinga før dunken vert sett ut på tømmeplassen. Om det er meldt mykje vind, knyt plastsekkene til hanken på papirspannet, eller endå betre; lag ein knute og legg sekken under lokket, heilt bak ved hengslene. På lokket kan du plassere ein stein eller anna vekt. Enkelt for deg - og enkelt for renovatørane.

## Farleg avfall

FjellVAR ønsker å legge til rette for at det skal være enkelt å levere farleg avfall. I oktober hadde vi innsamling av farleg avfall på Møvik, Solsvik, Toftøy og Hellesøy.

Vi jobbar med å få på plass eit system som gjer at det også kan leverast fleire typar avfall. Informasjon vil bli annonsert når tilbodet startar opp.

**Følg oss på Facebook og få oppdatert informasjon!**



# TØMMEKALENDER - FJELL 1. JANUAR - 30. JUNI 2019

- Papir-/plastsekk
- Restavfall
- Matavfall

**1-18** Sonenr. Mitt sone nr: \_\_\_\_\_  
 Min tømmedag for mat-/restavfall: \_\_\_\_\_  
 Min tømmedag for papir/plastavfall: \_\_\_\_\_

## GJENBRUKSSTASJONEN

Lonavegen 20, Straume  
 Mandag 09-19  
 Tysdag, onsdag, fredag 09-15  
 Torsdag 09-19  
 Laurdag (okt.-feb.) 10-15  
 Laurdag (mars-sep.) 09-16



Kalendaren finn du og på  
[www.fjellvar.as](http://www.fjellvar.as)

	JANUAR	FEBRUAR	MARS	APRIL	MAI	JUNI		
VEKE 1	1 TY	1. NYÅRSDAG			1 MA	1 ON	1 LØ	
	2 ON	2	6, 2	14, 6, 2	2 TY	4	4	
	3 TO	10	9, 10	9, 10	3 ON	18	18, 15	
	4 FR	11, 3	1, 11, 14, 3	1, 11	4 TO	17	17, 16	
	5 LØ				5 FR	13	13, 5	
	6 SØ				6 LØ			
VEKE 2	7 MA	7	4	4	8 MA	12	12, 8	
	8 TY		7	7	9 TY	14	14, 3	
	9 ON	18, 15	18, 15	18, 15	10 ON	6, 16	6, 2, 17	
	10 TO	17	17, 16	17, 16	11 TO	9	9, 10	
	11 FR	13	13, 5	13, 5	12 FR	1, 5	1, 11, 13, 15	
	12 LØ				13 LØ			
VEKE 3	14 MA	12	12, 8	12, 8	15 MA	4	4, 16	
	15 TY	14	14, 3	14, 3	16 TY	7	7	
	16 ON	6	6, 2	6, 2	17 ON	15	18, 15	
	17 TO	9	9, 10	9, 10	18 TO	SKJÆRTORS DAG		
	18 FR	1	1, 11	1, 11	19 FR	LANGFREDAG		
	19 LØ				20 LØ			
VEKE 4	21 MA	4	4	4	22 MA	2. PÅSKEDAG		
	22 TY	7	7	7	23 TY	3	14, 3	14, 3, 12
	23 ON	15	18, 15	18, 15	24 ON	2	6, 2	6, 2, 8
	24 TO	16	17, 16	17, 16	25 TO	10, 8	9, 10, 12, 8	9, 10
	25 FR	5	13, 5	13, 5	26 FR	11	1, 11	1, 11
	26 LØ				27 LØ			
VEKE 5	28 MA	8	12, 8	12, 8	29 MA		4	4
	29 TY	3	14, 3	14, 3	30 TY	18	7, 18, 15	7, 15
	30 ON	2	6, 2	6, 2				
	31 TO	10	9, 10	9, 10				

MATAVFALLET MÅ IKKJE KASTAST I RESTAVFALLET!

HUGS Å SETTE UT SEKKEN MED PLAST SAMAN MED PAPIRET!